



Henrik Steinsund
Kvalvågnesvegen 101
5956 HUNDVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2226 - 16/33865

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
09.12.2016

Gbnr 56/100 Hundvin. Løyving av SMIL-midlar til oppsetting av gjerde.

Eigedom: gnr.56 bnr.100 Hundvin
Adresse: Kvalvågnesvegen, 5956 Hundvin
Type tiltak: Tilskot til oppsetting av gjerde
Søker: Henrik Steinsund

Saka gjeld:

Det vert søkt om tilskot til å sette opp 1885 meter gjerde. Føremålet er å gjerde inn innmarksbeite. Tiltaket går over fleire eigedommar, både søkjaren sin eigen eigedom og fleire leigejorder. Alle eigedommane ligg ved sida av kvarandre og gjerda gjev samanhengande innmarksbeite. Kostnadsoverslaget syner ein kostnad på kr.219825,- Dette inkluderer materiell og arbeid.

Vurdering og vedtak:

Stell av gammel kulturmark er eit prioritert tiltak i strategien for bruk av SMIL midlane i Lindås kommune. Tiltaket det gjeld her kan prioriterast.

Maksimalt kostnadsoverslag som kan godkjennast er kr.165000,-.

På grunn av at kommunen har avgrensa pengar til disposisjon, vert tilskotsgrunnlaget sett til kr.110000,-.

Tilskotssatsen er 50%, og det vert løyvt eit tilskot på kr.55000,-.

Arbeidsfristen vert sett til tre år frå løyvingsdato. Etter søknad kan kommunen gje utsett frist i enno to år.

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om tilskot til miljøtiltak i jordbruket og i kommunen sin SMIL-strategi, løyver Lindås kommune kr.55000,- til gbnr 56/100 Hundvin. Pengane skal nyttast til å sette opp gjerde.

Frist for gjennomføring av tiltaket vert sett til 15/12-2019.

Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følge. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følge skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.



Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 måned før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søker (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttregneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- Til utbetaling vil konto 3640.08.20974 verta nytta. Søklar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein måned.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Henrik Steinsund

Kvalvågnesvegen 5956
101

HUNDVIN